



Denne helga var 66 skulekorpsungdommar samla på Stord og skulemusikken frå Uskedalen var blant dei.

Det vekte ein viss oppsikt då ein fotograf og ein journalist frå Dagbladet dukka opp laurdag. Dei kom direkte frå Oslo for å dekkar Hot'n Funky-seminaret med afrikansk musikk og sør-afrikanske instruktørar på Langeland skule

Det var heller ingen hastevisitt. Dei to fulgte seminaret resten av laurdagen før dei kom tilbake søndag og var med også den dagen, Reportasjen kjem i Magasinet som kjem ut på laurdagar.

På biletet over intervjuar Dagblad-journalisten Helene Færestrand frå Norges Musikkorps Forbund. Leiar i Langeland skulekorps Ragnhild N. Fylkesnes er fornøgd tilhøyrar.